

# Den nye butikken på Lavik tek form



I GANG: Etter sommarferien er bygginga av den nye butikken på Lavik i gang. Foto: Privat

Av [Kristine Næss Thorsen](#)

Publisert:  
16.08.24 07:06

Del

Arbeidet med å byggja ny butikk etter at Eksingedalen Snarkjøp og heimen til butikksjefen og familien vart totalskadd i brann for halvanna år sidan, er i ein ny fase.

ANNONSE

- Dei byrja å jobba igjen måndag denne veka att etter ferien, og bileta er teke tysdag og onsdag. Før denne veka var det berre grunnmuren som var på plass, i tillegg til grunnarbeid og at det var asfaltert, seier butikksjef Hege Marie Lavik.

No er sjølve bygginga av butikken i gang.

- Førebels går det etter planen. Dei er tre arbeidsfolk som jobbar frå firmaet Johs. E. Øvsthus AS. Eg har inntrykk av at dei vil gjera dette så fort som mogeleg, og mest mogeleg før hausten kjem.



**LES OGSÅ**

**- Kan stå ny butikk klar i februar**



HÅPAR: Hege Marie Lavik håpar butikken på Lavik er ferdig og klar til innflytting i februar 2025. Foto: Privat

### **- Tek tid**

Lavik seier at mykje av bygningskroppen står att.

- Det er dessutan bestillings- og leveringstid på ein del av inventaret me treng i butikken, men me kjem til å plassera det etter kvart som det kjem og er mogeleg. Det er snakk om til dømes solcellepanel som kjem i oktober, og kjølerom og fryserom som må monterast.

ANNONSE



I ARBEID: Tre tilsette frå firmaet Johs. E. Øvsthus AS byggjer butikken. Foto: Privat

## - Vil flytta heim med ein gang

Lavik seier ho estimerer at butikken er ferdig i februar 2025.

- Eg vil veldig gjerne flytta heim med ein gang. På den annan side er januar og februar dei mest labre månadane i året når det gjeld butikkdrift, men så kjem påsken som plar å vera bra, smiler ho.



**LES OGSÅ**

**Tilskot på 300.000 kr til kvar av lokalbutikkane**



**LES OGSÅ**

**Kraftig brann på Lavik, totalskadd butikkbygning**